

Dykkar sak: 202218489

Vår sak: 25/14583

Fråsegn - detaljplan – rehabilitering av dam Årebotn – Vik

Gjeld høyringa av detaljplan for rehabilitering av dam Årebotn.

Vi kjem berre med ei forenkla fråsegn, og vi beklagar at vi ikkje svara innan fristen.

Tiltaket har stor samfunnsverdi og gjeld areal på og ved eksisterande inngrep. Naturmiljøet er omtalt og vurdert i planen. Det er mellom anna planlagt avbøtande tiltak for villrein, og at området skal tilbakeførast etter moderne praksis basert på naturlege terrengstrukturar og naturleg frøbank.

Statsforvaltaren legg, ut frå dette, til grunn at naturmiljøet vil bli ivareteke, i tråd med miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12.

Vi konstaterer at tiltakshavar er kjend med forureiningsregelverket.

Med venleg helsing

Eyvin Sølsnæs
seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 31 35

E-post: eyvin.solsnes@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl